

	<b>Aukra kommune</b>	<b>Arkivsak:</b> 2014/1105-28 <b>Arkiv:</b> L12 <b>Saksbeh:</b> Svein Rune Notøy <b>Dato:</b> 16.03.2015
--	----------------------	---

### Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
21/15	Drift og arealutvalet	25.03.2015
15/15	Kommunestyret	26.03.2015

### Reguleringsplan Nautneset vest - Eigengodkjenning

#### Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner *reguleringsplan Nautneset vest*, slik det går fram av plankart med tilhøyrande føresegrer, sist revidert 18.03.2015. Samstundes vedtek ein å oppheve delar av eksisterande planar som ligg innanfor planavgrensinga i medhald av plan- og bygningslova § 12-14 (reguleringsplan for delar av Nautneset, vedteken 22.04.1975).

#### Saksprotokoll i Drift og arealutvalet - 25.03.2015

#### Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart vedtatt mot 1 stemme

#### Innstilling frå drift og arealutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen

#### Saksprotokoll i Kommunestyret - 26.03.2015

#### Behandling

Stian Marius Sørensen (H) ba KS vurdere om han var inhabil. Samrøystes vedteke at han var inhabil, jmf. Kap 2 §6e i forvaltningslova.

Saka vart behandla med 19 representantar.

Innstillinga frå DRA vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak**

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner *reguleringsplan Nautneset vest*, slik det går fram av plankart med tilhøyrande føresegner, sist revidert 18.03.2015. Samstundes vedtek ein å oppheve delar av eksisterande planar som ligg innanfor planavgrensinga i medhald av plan- og bygningslova § 12-14 (reguleringsplan for delar av Nautneset, vedteken 22.04.1975).

## **Vedlegg**

- 1 Plankart revidert 18.03.2015
- 2 Planomtale revidert 18.03.2015
- 3 Føresegner revidert 18.03.2015
- 4 Støyvurdering etter T-1442
- 5 3d-illustrasjonar
- 6 Innkomne merknader etter offentleg høyring
- 7 Referat frå møte med Aukra overnatting  
05.09.15

**Særutskrift:** Etter adresseliste

## **Bakgrunn:**

Det er tidlegare meldt oppstart for planarbeid på Nautneset (reguleringsplan for ny plassering av Aukra overnatting), først 23.04.2013, og deretter 23.08.2014. Føremålet med dette planarbeidet var å finne ein permanent lokalitet for Aukra overnatting, og samstundes frigjere tidlegare tomteareal til nye industriføremål. På bakgrunn av dei innkomne merknadane og møte med Aukra overnatting, valde ein å ikkje gå vidare med dette planforslaget, og heller melde ny oppstart ved eit seinare høve.

01.09.2014 blei det meldt oppstart for reguleringsplan Nautneset vest, med eit noko utvida planområde, der også tidlegare meldt oppstart var inkludert i planområdet. Føremålet var no å etablere Aukra overnatting på eksisterande område på Nautneset, leggje til rette for framtidig utviding mot vest, samt å leggje til rette for ny vegtilkomst til industriområdet (vist i kommunedelplan Nautneset-Falkhytten-Hukkelberg. Det er dette planforslaget som no ligg føre.

I perioda før ny oppstart hadde Aukra kommune fleire møte med Aukra overnatting, mellom anna for å diskutere alternative plasseringar på Gossen. Etter ei vurdering av negative og positive konsekvensar, kom ein til at noverande plassering på Nautneset er den mest føremålstenlege.

## **Utgreiing:**

Det blei varsla oppstart av planarbeidet gjennom brev til berørte partar, og i annonse i Romsdals Budstikke. Frist for innspel vart sett til 20.10.2014, og det kom inn totalt 7 merknader.

Drift- og arealutvalet vedtok i møte den 21.01.2015 å leggje planforslaget ut til 1. offentlege høyring. Planforslaget vart lagt ut til offentleg høyring i perioda 26.01.2015 – 13.03.2015. Det kom inn totalt 8 merknader, nedanfor er desse kort refererte og kommenterte:

### **1) Merknad frå Statens vegvesen Region Midt, datert 10.02.2015**

På plankartet bør det teiknast inn frisiktsoner i kryssa mellom dei kommunale vegane, og samstundes bør reguleringsføresegnene få ein tilhøyrande tekst som kan formulerast på fylgjande måte: *Innanfor frisiktsonene skal eventuelle sikthindringar ikkje være høgare enn 0,5 meter over primærvegens køyrebanelnivå. Enkeltstående tre, stolpar og liknande, som ikkje er sikthindrande, kan stå i frisiktsonene.*

Avkøyrslene må visast i plankartet med pilsymbol, og føresegnene må få ein tekst som viser til at dei må utformast i samsvar med krava i håndbok N100.

Arealet som er avsett til annan veggrunn framstår som noko knapt for å kunne ivareta vegens arealbehov (grøfter og skråningsutslag til skjæring/fylling). Det vert anbefalt at areal avsett til annan veggrunn vert utvida til å omfatte dette.

Køyreveger og gang- og sykkelveger bør benemnst i plankartet for å betre plankartet lesbarheit.

Det er ikkje regulert byggegrense mot vegarealet, og det vert gjort oppmerksom på at dersom dette ikkje vert gjort er det veglovens føresegner om byggegrense som er gjeldande, jfr. vegloven § 29.

#### Kommentar:

*Plankartet er oppdatert med frisiktsoner på 4 x 45 meter i kryssa mellom dei kommunale vegane, jfr. håndbok N100. Samstundes er føresegnene oppdatert med fylgjande tekst under § 9.1 (frisikt): Innanfor frisiktsonene skal eventuelle sikthindringar ikkje være høgare enn 0,5 meter over primærvegens køyrebanelnivå. Enkeltstående tre, stolpar og liknande, som ikkje er sikthindrande, kan stå i frisiktsonene.*

*Avkøyrslene er vist med pilsymbol på plankartet som tilrådd i merknaden, og føresegnene er oppdatert med fylgjande tekst: Avkøyrslar er vist i plankartet med pilsymbol og skal utformast etter krava i håndbok N100.*

*Arealet som er avsett til annan veggrunn er utvida til 3 meter på kvar side av vegen for å ivareta vegens arealbehov.*

*Køyrevegene og gang- og sykkelvegen har fått påført tekst i plankartet som tilrådd i merknaden.*

### **2) Merknad frå Rådet for likestilling av funksjonshemma, datert 19.02.2015**

Ønskjer gang- og sykkelveg parallellt frå Falkhytten til Nautneset.

#### Kommentar:

*Dersom ein skulle realisere ønsket om ein samanhengande gang- og sykkelveg frå Falkhytten til Nautneset måtte ein ha utvida planområdet og meldt oppstart på nytt, noko som ville forsinke planprosessen med fleire månader. Det er foreslege ny tilkomstveg til industriområdet på Nautneset, og den eksisterande kommunale vegen kan då i staden nyttast som kombinert gang- og sykkelveg, og tilkomstveg for dei som bur innanfor dette området. Eit anna alternativ kan være å lage ein eigen reguleringsplan for gang- og sykkelveg på delar av strekinga som ikkje er ein del av dette planforslaget, dette må ein i tilfelle kome tilbake til ved eit seinare høve.*

### 3) Merknad frå Anita Nautnes, datert 11.03.2015

Fortsatt sterkt ueinig i at brakkeriggane til Aukra overnatting skal få ei permanent plassering på Nautneset, og meiner at bråk frå festing og utryggheit ikkje er foreinleg med eit godt bomiljø.

Hagen hennar ligg i gul støysone i høve den gjennomførte støykartlegginga, noko ho meiner ikkje er foreinleg med sommar og uteliv. Det bør byggjast støyskjerming/jordvollar mot veg/brakkerigg.

Meiner at den foretekne underskriftskampanjen som ligg ved saka ikkje har vorte teken omsyn til.

Meiner at det ikkje er gjort tilstrekkeleg greie for kapasitet og behov for overnatting i området.

Det kjem ikkje fram kva negative og positive konsekvensar annan plassering har, og meiner at dette må kunne dokumenterast.

Det må krevast ei tidsfrist for flytting av brakkane vestover, og maksimalt 2 år bør være kravet, elles er fara stor for at brakkeriggane vert ståande slik dei står i dag.

Vegen mot Bakkemyra må også anleggjast innan 2 år, og dagens veg skal brukast kun av dei som bur her, då kan vegen over myra kuttast ut. Gangveg må også kome no.

Blir reguleringsplanen vedteken så er innløyning av hennar eigedom fortsatt eit krav.

#### Kommentar:

*Det går fram av merknaden at ein er uroa for bråk i høve festing ved brakkeriggane. Etter utsagn frå Aukra overnatting er det svært strenge ordensreglar knytt til opphald, og personar som ikkje innordnar seg etter dette blir viste bort. Planen til Aukra Overnatting er å flytte riggområdet mot vest i same høgdenivå som i dag. Då blir det større avstand til Nautnes sin eigedom. Like eins føreset planen at vegen til Nautneset blir lagd om på ein måte som fjerner gjennomgangstrafikk frå hennar eigedom.*

*Estimert trafikkauke på Nautnesvegen som følgje av utviding av eksisterande brakkerigg utgjer en økning i støynivå for eksisterende busetnad på inntil 1 db. Endring i støynivå under 1 db reknast ikkje som merkbart. Ingen støyfølsom busetnad er utsett for støy over 55 db frå vegen. I henhold til T-1442 (Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging) vil det ikkje være behov for tiltak med omsyn på auke i støynivå ved eksisterande busetnad på grunn av utviding av eksisterande brakkerigg, jfr. Støyrapport med tilhøyrande kart som ligg ved saka .*

*Aukra overnatting har i dag ein overnattingskapasitet på 180 personar fordelt på 4 bygg (tre bueinheiter og eit kantinebygg). For ei periode vil overnattingskapasiteten kunne aukast til om lag det doble om naudsynt (4 nye brakkeriggjar, kvar med ein kapasitet på 44 personar, noko som gir 176 overnattingsplassar). Deretter vil kapasiteten reduserast igjen. Då vil det være dei vestlegaste riggane som står igjen, medan dei austlege vert fjerna. På sikt vil dei riggane som eksisterer i dag bli fjerna heilt, og den delen av området kan frigjerast for annan etablering. Dette kom dessverre ikkje godt nok fram når saka låg ute til offentleg høyring. Behovet for overnatting i området er auka aktivitet på Nyhamna, samt eit generelt behov for overnatting knytt til industrien i kommunen.*

*Dei positive og negative konsekvensane som det vert vist til kjem fram i eit vedlagt referat frå eit møte mellom Aukra kommune og Aukra overnatting 05.09.2014.*

*Tilbakemeldingar kommunen har fått frå Aukra overnatting tilseier at ei utviding vestover vil skje så snart som praktisk mogleg, og ein ser derfor ikkje behovet for å setje ytterlegare krav.*

*Når det gjeld vegen til Bakkemyra er det ikkje på det noverande tidspunktet avklart når ei eventuell prosjektering av denne vil starte, og kommunen kan derfor ikkje garantere at den vert anlagt innanfor det tidsrommet som er foreslege i merknaden. Den nye tilkomstvegen er*

*foreslege for å sikre betre tilkomst til industriområdet på Nautneset, samt for å redusere støyplager for naboar i høve nedbremsing/akselerasjon frå tunge køyretøy. Den eksisterande kommunale vegen kan då i staden nyttast som kombinert gang- og sykkelveg, og tilkomstveg for dei som bur innanfor dette området*

*Krav om innløyising av eigedomen er noko ein fyst kan ta stilling til etter at reguleringsplanen er endeleg godkjent.*

#### **4) Merknad frå Evy og Stian M. Sørensen, datert 11.03.2015**

Dersom planforslaget blir sett i verk må vegen bli lagt om frå Nautneset mot Bakkemyra slik som foreslått, samt at det kjem gang- og sykkelveg frå Falkhytten til Nautneset.

##### Kommentar:

*Ønsket om veg frå Nautneset til Bakkemyra er realisert gjennom planforslaget, men det er ikkje på det noverande tidspunktet avklart når ei eventuell prosjektering av denne vil starte. Når det gjeld ønsket om gang- og sykkelveg vert det vist til kommentar under punkt 2.*

#### **5) Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 11.03.2015**

Dersom ein nyttar omgrepet *bandlegging*, så må området vere bandlagt etter anna lovverk. Det er ikkje tilfelle for arealet N1, og plankart og føresegner må justerast deretter. N1 vil ha godt vern ved at det får føremål *Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone* i plankart og føresegner. Kommunen må vurdere om omsynssone også er overflødig for N1.

Strandsona har i plankartet fått føremål friluftsområde (F1), som er eit underføremål til LNF - med vekt på friluftsføremål. I føresegnene § 7.1 har same areal fått nemninga friområde, som er eit underføremål til grøntstruktur. Kommunen må sørgje for at plankart og føresegner er eintydige.

##### Kommentar:

*Omsynssona bandlegging etter lov om naturvern som ligg over føremålet *Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone* vert fjerna som tilrådd i merknaden.*

*Område F1 vert endra til friområde i plankart og føresegner.*

#### **6) Merknad frå Ann Sølvi og Kjell Bjarne Nautnes, datert 12.03.2015**

Opplever at dei som naboar ikkje vert hørt, og at den foretekne underskriftskampanjen som ligg ved saka ikkje har vorte teken omsyn til.

Stiller spørsmål om kva type industri ein brakkerigg/industrihotell er sidan den er lagt til eit industriområde. Når anlegget skal utvidast med fleire riggar, burde disse etablerast på ein eigna stad og samtidig avvikle anlegget på Nautneset.

Ser ikkje at behovet for auka overnattingskapasitet skal være så stort som det vert gitt uttrykk for då Shell har eigne riggar, utbyggjar på Nyhamna byggjer ut eigen overnattingskapasitet og Vard er av og på på grunn av manglande kontrakter, og meiner at dette kun er eit argument for at riggane skal bli ståande.

Det går ikkje fram av plankartet at brakkene skal flyttast vestover.

##### Kommentar:

*I gjeldande kommuneplan sin arealdel, vedteken 21.06.2006, er området der Aukra overnatting ligg i dag avsett til industriføremål, men er i planforslaget foreslege endra til det kombinerte føremålet «Næring/tenesteyting» for betre å passe med faktisk bruk.*

*For ei periode vil overnattingskapasiteten aukast til om lag det doble (4 nye brakkeriggjar, kvar med ein kapasitet på 44 personar, noko som gir 176 overnattingsplassar). Deretter vil kapasiteten reduserast igjen. Då vil det være dei vestlegaste riggane som står igjen, medan dei austlege vert fjerna. På sikt vil dei riggane som eksisterer i dag bli fjerna heilt, og den delen av området kan frigjerast for annan etablering. Dette kom dessverre ikkje godt nok fram når saka låg ute til offentleg høyring.*

*Vedlagt saka er illustrasjonar i 3d som betre viser situasjon etter utviding vestover.*

## **7) Merknad frå Geir Varhaugvik, datert 12.03.2015**

Rulleringa av kommuneplanens arealdel burde være ferdigstilt før reguleringsforslaget kom opp til handsaming, slik at ein fekk sjå totalbildet for utviklinga av området.

Busette i området har gjennom to tidlegare vedtak fått signal om at dette tiltaket ikkje varig skal plasserast i området. Likevel vert det opplevdd at plasseringsspørsmålet vert løfta opp og prøvd igjen og igjen utan at nye moment har kome til. Det kjem heller ikkje fram i saksutgreiinga kva negative og positive konsekvensar annan plassering har, og meiner at dette må kunne dokumenterast.

I gjeldande kommunedelplan for Nautneset-Falkhytten-Hukkelberg sine retningslinjer er det sagt følgjande: «Dagens tilkomstveg til Nautneset går gjennom bustadområde, og er smal og svingete. Med auka aktivitet på industriområdet og småbåthamna er det naudsynt med betre vegstandard. Ny atkomstveg skal difor byggjast med breidde meter slik at den blir betre tilpassa store køyretøy».

I reguleringsføresegnene til kommunedelplan for Nautneset-Falkhytten-Hukkelberg står det under punkt 4.2 at «ny atkomstveg til Nautneset (alt 1) skal etablerast før område S6 eller industriområdet utvidast». Varhaugvik stiller då spørsmål om planforslaget er i konflikt med kommunedelplanen på dette punktet.

Under punkt 4.2 står det vidare at «Nye utbyggingsføresmål i strandsona med unntak av naust, marina, hamneføresmål og næringsverksemd med særleg trong for lokalisering til sjø, kan ikkje plasserast nærare sjø enn 50 meter». Utbygginga slik den no er skissert ser ut til å ha nærare plassering til sjø og vil då være i strid med dette punktet.

I planforslaget er det presentert planar om ei dobling av dagens kapasitet med nye 176 overnattingsplassar, og det blir vist til aukka aktivitet på Nyhamna som grunngeving for denne utvidinga. Behovet for auka kapasitet på Nyhamna er midlertidig, og knytt til ny utbygging. Denne vil sannsynleg være omme før utvidinga av Aukra overnatting sitt vedtak er på plass.

Varhaugvik etterlyser uttale frå barn og unges representant i plansaker og viser til plan- og bygningslovas § 3-3.

Dersom planen vert vedteken vil det bli sett fram krav etter plan- og bygningslova § 15-3 i forhold til kommunen og eigar av egedomen.

### Kommentar:

*Arbeidet med reguleringsplan for Nautneset vest går parallellt med rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Alle naudsynte vurderingar er sjekka ut i den samanheng, og planforslaget vil være i samsvar med denne.*

*Plasseringsspørsmålet har vore tatt opp og ein har vurdert alternative plasseringar. Etter ei heilskapleg vurdering har ein kome fram til at ei plassering på Nautneset totalt sett er den beste. Ein tek omsyn til dei nærast rørte ved å flytte brakkeriggane så langt vest som råd er, og samstundes etablere ein betre tilkomst til området. Dei positive og negative konsekvensane som det vert vist til kjem fram i eit vedlagt referat frå eit møte mellom Aukra kommune og Aukra overnatting 05.09.2014.*

*Det er regulert inn forslag til ny tilkomstveg over myra for å sikre betre tilkomst til industriområdet på Nautneset, samt for å redusere støyplager for naboar i høve nedbremsing/akselerasjon frå tunge køyretøy. Vegen vert anlagt med ei regulert breidde tilsvarende eksisterande veg, og er dimensjonert for tunge køyretøy.*

*I kommunedelplan for Nautneset-Falkhytten-Hukkelberg er det teikna inn ein framtidig vegtrase mellom Nautneset og Bakkemyra. Planforslaget vidarefører og legg til rette for etablering av denne vegen. Kommunen kan ikkje sjå at planforslaget er i strid med kommunedelplanen på dette området.*

*Plassering av dei nye brakkeriggane er valt av omsyn til naboane, registrerte kulturminne i området og ei mogleg framtidig vegføring frå Nautneset til Bakkemyra. I den forbindelse har ein akseptert at tiltaket går nokre meter nærare enn 50 meter frå strandlina. Byggegrensa ligg på det minste om lag 45 meter frå sjø.*

*Aukra overnatting har i dag ein overnattingskapasitet på 180 personar fordelt på 4 bygg (tre bueinheiter og eit kantinebygg). For ei periode vil overnattingskapasiteten kunne aukast til om lag det doble om naudsynt (4 nye brakkeriggar, kvar med ein kapasitet på 44 personar, noko som gir 176 overnattingsplassar). Deretter vil kapasiteten reduserast igjen. Då vil det være dei vestlegaste riggane som står igjen, medan dei austlege vert fjerna. På sikt vil dei riggane som eksisterer i dag bli fjerna heilt, og den delen av området kan frigjerast for annan etablering. Dette kom dessverre ikkje godt nok fram når saka låg ute til offentleg høyring. Korvidt eit behov for utviding er omme før eit eventuelt vedtak er på plass kan ein ikkje ta stilling til. Aukra overnatting har meldt eit behov for ei midlertidig utviding, og kommunen har teke omsyn til dette i planarbeidet.*

*Store delar av planområdet er i dag nytta til industriføremål og berører derfor barn- og unge sine interesser i svært liten grad. Områda rundt industriføremålet består for det meste av myr og middels høg vegetasjon, og er ikkje eigna som leikeområde. Barn- og unge sine interesser er likevel til dels teke i vare gjennom at ein omregulerer Nautnesvegen til kombinert gang- og sykkelveg, og tilkomstveg for bebuarane i dette området.*

*Krav om innløyasing av eigedomen er noko ein fyst kan ta stilling til etter at reguleringsplanen er endeleg godkjent.*

## **8) Merknad frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 13.03.2015**

Når det gjeld § 2.5 i føresegnene, bør det gå fram at planen inneheld automatisk freda kulturminne som er sikra, og at det som no er omtalt i § 2.5 gjeld dersom det blir gjort funn elles i planområdet.

Dei automatisk freda kulturminna må gjerdast inne i anleggsfasen, eventuelt med eit alpingjerde. Dette bør gå fram av reguleringsføresegnene slik at det ikkje ved eit uhell skjer ulovlege inngrep, uheldig køyring eller liknande.

I planforslaget er berre to isolerte parsellar regulert til gang- og sykkelveg. Dette er ikkje i tråd med kommunedelplan for Nautneset-Falkhytten-Hukkelberg, som viser parallell framtidig gang- og sykkelveg langs det meste av Nautnesvegen. Ei heilskapleg løysing for mjuke trafikantar vil være viktig for trafikktryggleiken til dei som er busette ved Nautneset, samt leggje betre til rette for allmenta sin ferdsel ned mot Nerbøvågen og/eller Nautneshalsen.

Tilretteleggjing for mjuke trafikantar har stor betydning for oppvekstmiljøet til born og unge i området. Dette bør derfor kvitterast ut i planomtalen punkt 5.7 om verknader for born og unge sine interesser.

Planomtalen viser kort til vurderingar av alternative lokaliseringar av Aukra overnatting si verksemd, og møte om dette. Ein har kome til at «noverande plassering på Nautneset er den mest hensiktsmessige». Planomtalen bør klargjere kven plasseringa er hensiktsmessig for, samt beskrive dei negative og positive konsekvensane konkret.

I plankartet er område F1 avsett til friluftsføremål, medan same området i føresegnene er avsett til friområde, her må ein velje eit føremål eintydeg. Ein tilrår ei oppmjuking av føresegna for området, ved at andre tiltak som fremjer friluftsliv og rekreasjon kan være tillate i området, t.d. utplassering av benker/benkebord eller liknande.

#### Kommentar:

*§ 2.5 i føresegnene er oppdatert med fylgjande tekst: Planområdet inneheld automatisk freda kulturminne som er sikra, og den fylgjande teksten gjeld dersom det blir gjort funn av arkeologisk interesse elles i planområdet: Dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast, og det skal sendast melding til kulturvernmynde, jfr. Lov om kulturminne.*

*§ 2.5 i føresegnene vert oppdatert med fylgjande tekst i andre avsnitt: I samband med anleggsfasen skal dei automatisk freda kulturminna gjerdast inne slik at det ikkje ved uhell skjer ulovlege inngrep, uheldig køyring eller liknande.*

*Når det gjeld ønsket om gang- og sykkelveg vert det vist til kommentar under punkt 2.*

*Punkt 5.7 i planomtalen vil verte oppdatert med eit punkt om tilretteleggjing for mjuke trafikantar, jfr. avsnittet ovanfor.*

*Dei positive og negative konsekvensane som det vert vist til kjem fram i eit vedlagt referat frå eit møte mellom Aukra kommune og Aukra overnatting 05.09.2014.*

*Område F1 vert endra til friområde i plankart og føresegner. Føresegnene vert oppdatert med fylgjande tekst under punkt 7.1: Området er sett av til offentleg friområde. Det kan anleggjast tursti og andre tiltak som fremjer friluftsliv og rekreasjon innanfor området (benker/benkebord eller liknande). Dersom det vert aktuelt å anleggje sti, skal denne opparbeidast etter prinsippa om universell utforming.*

#### **Konklusjon:**

Dei innkomne merknadane er så langt det let seg gjere tekne til vitande og innarbeidd i planforslaget. Reguleringsplanforslaget vert derfor tilrådd eigengodkjent av kommunestyret.



**Økonomiske og administrative konsekvensar:**

Reguleringsarbeidet medfører nokre økonomiske og administrative kostnader:

- Kostnader knytt til annonsering
- Kostnader knytt til støyvurdering
- Kostnader knytt til eventuelt kjøp av grunn

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Kjell Lode  
Plansjef

Rett utskrift 27.03.15

Anita Raknes Otterlei  
Formannskapssekr.